

Referat frå møte 2 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	20.11.2024	Møtenr.:	2/2024-2025
Referent:	Magne Abelsen				
Deltakarar:	Olav Skutle Lie (nestleiar elevråd), Ane Monsen Rong (leiar FAU), Anja Stigen Mikkelsen (nestleiar FAU), Tore Foldnes (rektor), Stian Telle (kommunal representant), Aina Kolstad (rep. lærar), Laila Nordvik (rep. lærar), Møyfrid Olsen (andre tilsette)				
Ikkje møtt:	Jonatan Eriksson-Kvalvik (leiar elevråd) - meldt forfall				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	Vedtak i Levekårsutvalet- 13.11.2024- 064/24 Rektor orienterte om vedtak som vart gjort i Levekårsutvalet 13.11.24. Han delte ut forskrift til tre saker som FAU kan gå gjennom og kome med høyringsuttale til Levekårsutvalet. Frist for innspel er 10.01.2025. - Forskrift Skulereglar - Forskrift Permisjon grunnskule - Forskrift Hovudmål Orientering om boka “Det skjedde på Vestsida” Forfattaren har levert eit eksemplar til skulen til gjennomsyn og har ei oppmoding om å gjere føresette merksame på den skumle isen på Skulhusvatnet. Stafett for livet 31.mai Rektor orienterte om at tilsette stiller med lag. Kanskje FAU kan vere med eller stille med eige lag? Meir om arrangementet: Kreftforeningens Stafett for livet Øygarden Ballbingen Rektor har vore i kontakt med eigedom v/Jonny G. Angeltveit og fått orientering om at skulen ligg inne på budsjettet for opprusting av uteområdet for fleire skular. Han gjer merksam på at framdriftsplanen berre er førebels, med gjennomføring siste del av vårsemesteret. Skulen held fram med å nytte banane ved Ågotneshallen. Det fungerer stort sett godt, men det er litt stort område med tanke på inspeksjon.	

	Fram mot jul opnar vi for at elevane kan vere på tvers av småtrinn og mellomtrinnsområdet i 10-friminuttet om fredagen. Leikar og ballar frå FAU Utfordrande å ha gode ordningar for å ha oversikt over utlån og innlevering utan å lage tidkrevjande administrasjonsordningar. Dei nye basketballstativa blir ikkje så mykje brukt - enno. Skranken som vi hadde tidlegare, er sakna. FAU lurar på om dei kan kjøpe den type utstyr. Rektor undersøker med eigedom. TL-programmet Skulen har sagt opp avtalen, men vi har nettopp starta på ein 3-årig bindingstid. Når bindingstida er over, ønskjer skulen og FAU å halde fram med eit liknande konsept som vi utformar internt på skulen. Stolar i Ågotneshallen FAU-leiar har blitt innkalla til brukarmøte i Ågotneshallen 27.11.24. Ho tenkjer vi venter med å drøfte stolar vidare, før ho har vore på møtet og undersøkt kva moglegheiter det er for å lagre stolar i Ågotneshallen. Sykkelstativ Det hender innimellom at elevar melder i frå om at nokon har "plukka" på syklane deira i skuletida. Vi opplev ikkje at det er eit utbreidd problem. Nokre av sykkelstativa er i dårleg stand. Elevrådet ønskjer seg fleire og oppgraderte sykkelstativ. Eigedom har meldt at det ikkje blir bygd sykkelstur. Kommunen skal grave ned søppelkonteinrar, og om det skjer, så kan ein nytte bosshuset til sykkelstur. Skular som ikkje har bosshus kjem først i køen, så Ågotnes skule er lengre nedpå lista.	
Saker frå SFO:	Stillerom SFO-leiar fortel at ho ikkje har klart å avsjå bemanning til å følge opp ønsket om eit stillerom, men SFO har innført "byttetid" når elevane vel aktivitetar. Det vil seie at elevane	

	må vere minimum 30 minutt på den aktiviteten dei vel. Dei har "byttetid" kvar heile og halve time. SFO-leiar opplev at det har hatt ein god effekt på roen i gangane og elevane på SFO.	
Saker frå elevrådet:		
Saker frå FAU:	Trafikktryggleiksplan FAU har gitt høyringsinnspel til Trafikktryggingsplanen for løysinga i Landrovegen opp til Hamramyra, ved bussterminalen og ved snuhammaren. Det kjem overgangsfelt som bind saman fortauet frå bussterminalen og vidare opp mot rundkøyringa. FAU ønskjer også overgangsfelt over vegen ut frå snuhammaren og ned i Landrovegen og frå porten til SFO over til FRI-huset. I det siste tilfellet er svaret frå fylket, at fartsgrensa er 30 km/t og då skal det ikkje vere overgangsfelt. Refleksvest/reflekskonkurranse FAU har sendt søknad om refleksvestar og har fått refleksvestar frå mange bedrifter. Skulen må finne ein dag for reflekskonkurranse. Ryddedag i gjenglemte klede FAU har rydda og kasta gjengløyymde klede. Dei har tatt vare på det som kan brukast. FAU ønskjer å ha ope ein kveld i månaden med tilbod om at dei som ønskjer kan kome og velje klede frå det som er gjengløyymt.	